



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 21.03.2018

Sak nr.: 17/8296-10

Internt l.nr. 13531/18

Sak: 7/18

Tittel: Skaldegard - Søknad om løyvefritak for transport med personbil

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Skaldegard AS får løyvefritak for persontransport som gjeld for 2018, 2019 og 2020.
2. Løyvefritaket gjeld for ei vogn som skal vere uniformert med selskapslogo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva vogn (reg. nr) som vert nytta.
3. Løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal.
4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må vere stetta før tildeling av løyve. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Miljøpartiet De Grønne til nytt vedtak:

1. Persontransportkapasiteten til eksisterande løyvehavarar i Aurland kommune er tilstrekkeleg, rasjonell og fleksibel. Dei 2 drosjeløyvehavarane og ein turvognløyvehavar disponerer 10 vogner med persontransportløyve. Vognerne er tilpassa marknaden, stasjonert på ulike stader, kan frakte både små og større grupper og dei har dessutan vogner som ivaretek transporttilbod til funksjonshemma.
Med referanse til Rundskriv N-7 og N-8/2017, får dermed ikkje Skaldegard AS løyvefritak for transport knytt korkje til løyvefritak for småskala turistverksemd eller inn på tunet-ordninga.
2. Det er viktig å sikre marknadsgrunnlag for eit framtidig godt, fleksibelt og rasjonelt drosjetilbod 24 timar i døgeret året rundt. Før nye løyvefritaksaker vert lagt fram, ynskjer difor fylkesutvalet at det vert utarbeidd ei prinsippsak. Denne saka skal vurdere konsekvensane av eventuelle løyvefritak til småskala turistverksemder og inn på tunet-ordninga opp mot svekka drosjetilbod.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen sitt forslag vart sett opp mot endringsforslaget. Fylkesrådmannen sitt forslag fall med 3 stemmer: Ole Gunnar Krakhellen, Bjørn Hollevik og Noralv Distad, alle Høgre.

Endringsforslaget vart vedteke med 6 stemmer, Harald Bjarte Reite og Helen Hjertaas frå Arbeidarpartiet, Arnstein Menes, Sigurd Reksnes og Gunn Sande frå Senterpartiet og Stein Malkenes frå Miljøpartiet De Grønne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Persontransportkapasiteten til eksisterande løyvehavarar i Aurland kommune er tilstrekkeleg, rasjonell og fleksibel. Dei 2 drosjeløyvehavarane og ein turvognløyvehavar disponerer 10 vogner med persontransportløyve. Vognene er tilpassa marknaden, stasjonert på ulike stader, kan frakte både små og større grupper og dei har dessutan vogner som ivaretek transporttilbod til funksjonshemma.
Med referanse til Rundskriv N-7 og N-8/2017, får dermed ikkje Skaldegard AS løyvefritak for transport knytt korkje til løyvefritak for småskala turistverksemd eller inn på tunet-ordninga.
2. Det er viktig å sikre marknadsgrunnlag for eit framtidig godt, fleksibelt og rasjonelt drosjetilbod 24 timar i døgeret året rundt. Før nye løyvefritaksaker vert lagt fram, ynskjer difor fylkesutvalet at det vert utarbeidd ei prinsippsak. Denne saka skal vurdere konsekvensane av eventuelle løyvefritak til småskala turistverksemdar og inn på tunet-ordninga opp mot svekka drosjetilbod.